

Kultur- og likestillingsdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
24/445-1/VIOK

Dato  
05.03.2024

## Skriftleg innspel om utforming av insentivordning for ny norsk dramatik

### **Bakgrunn for innspela frå Språkrådet**

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og følgjer opp språkpolitikken som ligg i Prop. 108 L (2019–2022) *Lov om språk (språklova)*.

### **Innspel frå Språkrådet**

#### **Generelt om ordninga**

Språkrådet vil rose departementet for å inkludere alle språka omfatta av språklova § 1 i ordninga, i tråd med språkpolitikken og intensjonane i språklova.

Meld. St. 18 (2020-2021) *Oppleve, skape, dele – kunst og kultur for, med og av barn og unge (barnekulturmeldinga)* slår fast at kultur- og mediebruken er ein av dei viktigaste språkarenaane til barn og unge, og at særleg dei yngste barna treng språklege forbilde medan dei lærer språket sitt. Brukarar av nynorsk og andre mindretalsspråk treng å sjå språket sitt i bruk i ulike samanhengar, for sjølve å kunne bli trygge språkbrukarar. Insentivordninga bør difor støtte opp under dei eksisterande teatermiljøa for nynorsk scenekunst, og miljøa for scenekunst på samiske språk, norsk teiknspråk og kvensk.

#### **Innretting av ordninga**

- Språkrådet vil peike på at ordninga bør innrettast slik at ein kan få auka produksjon av dramatik på nynorsk, i tråd med språklova § 1 tredje ledd om særleg ansvar for å fremme nynorsk som det minst brukte av dei norske skriftspråka.
- Språkrådet meiner dramatik retta mot barn og unge bør vere prioritert i ordninga.

Vennleg helsing  
Lars Ivar Nordal  
avdelingsdirektør

Victor Okpe  
seniorrådgivar

*Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.*

**Mottakarar:**

Kultur- og  
likestillingsdepartementet

Postboks 8030 Dep 0030

OSLO